

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Helse Vest RHF

MØTETIDSPUNKT: 22.03.2023, KL. 0900 – 1700

Styremøtet var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

|                        |            |
|------------------------|------------|
| Agnes Landstad         | Styreleiar |
| Olin Johanne Henden    | Nestleiar  |
| Anne Karin Hamre       | Medlem     |
| Oddvar Kaarbøe         | Medlem     |
| Solfrid Borge          | Medlem     |
| Gunnar Berge           | Medlem     |
| Tord Anton Haaland     | Medlem     |
| Linda Karin Gangstøe   | Medlem     |
| Geir Arne Sunde        | Medlem     |
| Wenche Kristin Røkenes | Medlem     |
| Atle Lunde             | Observatør |

### Deltakarar frå administrasjonen

Ivar Eriksen, fung. administrerande direktør  
Synnøve Odden Teigelid, fung. økonomi- og finansdirektør  
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi  
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør  
Erik M. Hansen, e-helse direktør  
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør  
Torunn Nilsen, styresekretær

**I forkant av styremøtet var det presentasjon av Helse Vest IKT AS ved administrerende direktør Ole Jørgen Kirkeluten**

**Sak 022/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Dagsorden:**

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

**Forfall:**

Det var ingen forfall til styremøtet.

**Dokument som var ettersendt:**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Til sak 029/23: Oppdatert vedlegg 3 til rammeverket, Rapporteringsmal «redegjørelse for likestilling, inkludering og mangfold»
- Til skriv og meldingar: Skriv 03 - Brev frå Tysnes kommune 14.03.2023 - Status avvikling av fritt behandlingsval
- Sak 041/23 Endring i styret i Sjukehusapoteka Vest HF (Ettersendt 22/3)

**Saker til eventuelt:**

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

**Vedtak (samrøystes)**

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

**Sak 023/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 15.02.23.**

Til sak 003/23 Administrerende direktør si orientering pkt. 6 – Kjøp av helsetenester, ønskja styret å legge inn ein kommentar om at fordeling av ansvar mellom styret og administrerende i forhold til kjøp av helsetenester blei diskutert.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 15.02.2023, med den endringa som blei gjort i møtet.

## **Sak 024/23 Administrerende direktør si orientering**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønskja ein oppfølgingssak om habilitering til styremøtet i juni 2023.

### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **4. Regionale planar under arbeid**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **5. Status beredskap**

#### **Konklusjonar og vurderingar frå FHI:**

#### **Vinteren 2023**

- Samanfall av fleire epidemiar ga verste vinter for luftvegsinfeksjonar i moderne tid
- Stor belastning for helsetenesta, særleg fastlegar, legevakter, heimetenester, sjukeheim og sjukehus
- Covid-19-bølgen er over og influensaepidemien og RSV-infeksjonsepidemien er på retur

#### **Beredskap og handtering**

- Kommunane og sjukehusa fekk varsel i god tid
- Handteringa gjekk stort sett greitt
- Råda til befolkninga var nøkterne
- Utfordring med personellmangel, sjukefråvær og sengeplassar i sjukeheim og sjukehus fleire plassar

#### **Situasjonsoppdatering Ukraina**

- Situasjonen på Zaporizjzja atomkraft anlegg er framleis bekymringsfull med tanke på straumforsyning, stort press på ukrainsk driftspersonell og stor slitasje på anlegget
- Ingen større endringar for dei 3 andre anlegga, dei blir drifta som normalt og for fullt
- DSA har stab på nivå 2, og Kriseutvalet for atomberedskap (KU) har jamlege møte
- Medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina held fram og alle helseføretak i Helse Vest tar imot pasientar.

### **6. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) årsrapport – 2022**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

## 7. Kunningjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. Wenche Kristin Røkenes, Sjukepleier, avd. for rus og psykiatri, Tronvik, Helse Førde
2. Linda Karin Gangstøe, Helsesekretær, Laboratorieklinikken, Helse Bergen
3. Geir Arne Sunde, overlege, Kirurgisk serviceklinikk, Helse Bergen

Varamedlemmar:

4. Jan Erik Nilsen, Psykiatrisk Sjukepleier/rådgivar Klinikkk psykisk helsevern, barn unge og rusavhengige, Helse Stavanger
5. Clarence Johnpillai, overlege, avdeling for akuttmedisin, Helse Førde
6. Gina Helland, sjukepleiar, Helse Fonna
7. Heidi S. Sundal Sevel, intensivsjukepleiar, Haukeland sjukehus, Helse Bergen
8. Johnny Ottessen, Vernepleier, Divisjon Psykisk helsevern, Helse Bergen

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2023.

## 8. Utvikling bemanning

Det har vore ein vesentleg utvikling i bemanninga dei seinaste åra. Utvikling gjennom pandemien har særleg vore prega av behov for å styrke kapasiteten og sikre tilstrekkeleg fagleg kapasitet i periodar med høgt fråvær blant eigne medarbeidarar. På det høgaste var det om lag 4 000 medarbeidarar som ikkje var tilgjengelege for føretaka, (eigen sjukdom, karantene bestemmelser, sjuke born, stengde skular og barnehagar mm). Ein har i desse periodane mobilisert pensjonistar, nytta innleigde helsepersonell vikarar i den utstrekning det har vore nødvendig.

Kostnaden ved auka bemanning frå 2019 til 2023 er høgare en aktivitetsveksten i perioden. Det er eit stort handlingsrom for komme tilbake til ein meir berekraftig drift i helseføretaka ved å ta i bruk den gode verktøykassa som er etablert mellom anna i Alle Møter programmet.

Styret ønskja ein oppfølgingssak til styret om mål for nivå på bemanning. Dette kan gjerne vere ein del av ØLP.

Styret ønskjer indikatorar (KPI-ar) for å underbygge endring som er viktig for å få ei ønska utvikling og jamlege rapportering til styret på utviklinga t.d. i tertialrapporteringa.

## 9. Høyring helsepersonellkommisjonen

Styret ønskja å få framlagt utkast til høyringsuttale før den blir sendt inn til HOD.

Utkast til høyringsuttale blir lagt fram for styret i april 2023.

## Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

## Sak 025/23 Rapportering frå verksemda per januar 2023

### Oppsummering

**Målekort** (NPR har utfordringar med å publisere tal for januar for pakkeforløp kreft)

| Målekort Helse Vest - januar 2023  |                              | Nasjonale mål | Denne periode |             | Måloppnåelse         |
|--|------------------------------|---------------|---------------|-------------|----------------------|
|  |                              |               | Faktisk       | Mål HV      |                      |
| Kvalitet   | Ventetid - somatikk          | 60            | 65            | 50          |                      |
|  | Ventetid - PHV               | 45            | 49            | 40          |                      |
|  | Ventetid - BUP               | 40            | 56            | 35          |                      |
|  | Ventetid - TSB               | 35            | 35            | 30          |                      |
| Andel kontakter passert planlagt tid   |                              |               | 13,10 %       |             |                      |
| * Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer |                              |               |               |             |                      |
| Korridorpasienter somatikk   |                              |               | 1,50 %        |             |                      |
| Aktivitet:   |                              |               |               | Tall i fjor | Endring mot fjoråret |
| Somatikk   | Døgnopphold                  |               | 14 442        | 13 299      | 8,6 %                |
|  | Dagopphold                   |               | 4 920         | 4 869       | 1,0 %                |
|  | Poliklinikk                  |               | 132 875       | 117 973     | 12,6 %               |
| Psykiatri  | Døgnopphold                  |               | 845           | 917         | -7,9 %               |
|  | Dagopphold                   |               | 29            | 17          | 70,6 %               |
|  | Poliklinikk                  |               | 44 695        | 44 785      | -0,2 %               |
| TSB  | Døgnopphold (ekskl. private) |               | 125           | 108         | 15,7 %               |
|  | Dagopphold                   |               | 2             | 0           | -200,0 %             |
|  | Poliklinikk                  |               | 7 550         | 7 303       | 3,4 %                |
| Bemanning  | Brutto månedsverk            |               | 23 937        | 23 370      | 2,4 %                |
|  | Sykefravær                   | 5,5 %         | 8,8 %         | 8,6 %       |                      |
| Økonomi  | Resultat                     |               | Regnskap      | Budsjett    | Avvik                |
|  |                              |               | -19 354       | 37 699      | -57 053              |

Ventetider innan alle fagområda er på 63 dagar og ligg godt over måлтаlet på 50 dagar. For dei somatiske fagområda var ventetida 65 dagar medan måлтаlet er 50 dagar, dette er likevel ein liten forbetring på 3 dagar sidan desember. For psykisk helsevern for vaksne var ventetida 49 dagar medan måлтаlet er 40 dagar. Ventetida for psykisk helsevern barn og unge var 56 dagar medan måлтаlet er 35 dagar, høgast var ventetida i Helse Stavanger med 72 dagar, medan Helse Bergen hadde lågast ventetid med 43 dagar. Ventetida innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling var 35 dagar medan måлтаlet er 30 dagar. Dette er 7 dagar høgare enn i desember. Generelt vil ein alltid forvente ei lita auke i ventetider og fristbrot etter lågaktivitetsperiodar, og ei auke i januar er dermed ikkje uventa.

Generelt var aktivitetsnivået i januar høgare enn same månad dei to føregåande åra, og ventetid og del fristbrot har gått nedover gjennom hausten-22. Innafor dei somatiske faga var aktiviteten svært høg i januar, og det er forventet vidare nedgang nå utover vinteren. I starten av januar var det svært høge innleggingstal relatert til luftvegsinfeksjonar, og det var ein periode nødvendig å redusere planlagd aktivitet, men frå medio januar har helseføretaka i stor grad hatt normal drift.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd når ein måler den polikliniske aktivitetsveksten mellom 2022 og 2023. Dette er i stor grad knytt til vanskar med å rekruttere tilstrekkeleg tal psykiatrar og psykologar til helseføretaka.

Det økonomiske resultatet er vesentleg dårlegare enn budsjett. Hovudforklaringa er relatert til avvik på løn- og personale med høg bruk av overtid, vikarar, meirarbeid og overtid. Ei anna forklaring er beredskapssituasjonen i starten på året der enkelte avdelingar har hatt høgt belegg samtidig som sjukefråværet har vore høgt. Det er og negative avvik innanfor energi, varekostnader og kostnader med fritt behandlingsval.

Det er ikkje tatt omsyn til informasjonen i føretaksmøte i februar om at Helse Vest får ei varig styrking av den økonomiske ramma. Det er heller ikkje tatt omsyn til at det vil kome ein kompensasjon for ekstraordinær kostnadsvekst som følgje av høgare løns- og prisvekst i revidert nasjonalbudsjett.

Sjølv om resultatet i januar innehar usikkerheit, understrekar budsjettavvika likevel behovet for at helseføretaka held trykk på gjennomføring av tiltak for å tilpasse seg budsjetttramma for 2023.

Det er risiko i budsjettet for 2023 relatert til høgare løns- og prisvekst enn deflatoren som ligg til grunn i statsbudsjettet. Ein kompensasjon for auka løns- og prisvekst i revidert nasjonalbudsjett vil derfor isolert sett ikkje forbetre resultatet, men ta ned risikoen.

Resultatkravet for 2023 er fastsett med utgangspunkt i ein stram økonomisk ramme. Resultatkravet er derfor sett lågare enn det som er nødvendig for å gjennomføre investeringsplanane i føretaksgruppa. Det blir no i dialog med helseføretaka gjort ei vurdering av om ein skal justerte resultatkravet som følgje av den varige styrkinga av den økonomiske ramma. Målsettinga er å komme tilbake på eit resultatkrav opp mot det nivået som låg til grunn for rullering av ØLP våren 2022.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2023 til etterretning.

## **Sak 026/23 Årsmelding 2022 frå pasient- og brukaromboda i Norge og i Helse Vest**

Nasjonalt koordinerande pasient- og brukarombod Jannicke Bruvik ved ombodskontoret i Vestland-Bergen og pasient- og brukarombod i Rogaland, Gro Snortheimsmoen Bergfjord presenterte årsmeldinga og tenesta til pasient- og brukaromboda i Helse Vest.

### **Oppsummering**

Pasient- og brukaromboda har for 2022 laga ein felles rapport for heile landet, sjå [www.pasientogbrukerombudet.no](http://www.pasientogbrukerombudet.no)

Pasient- og brukaromboda arbeider for å ivareta pasientane og brukarane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta og overfor den kommunale helse- og sosialtenesta.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbetrast.

I spesialisthelsetenesta er det særleg fagområda psykisk helsevern og kirurgi med flest førespurnadar til Pasient- og brukarombodet.

Klagesaker til pasientomboda utgjer eit viktig grunnlag for forbetringsarbeid i helseføretaka.

I 2022 mottok pasient og brukaromboda i Norge 17368 henvendelser. 7198 saker handla om spesialisthelsetenesta og 5890 saker handla om kommunale helse- og omsorgstenester. I Helse Vest sitt ansvarsområde handla 852 saker om spesialisthelsetenesta og 1453 saker om kommunale helse- og omsorgstenester.

Pasient- og brukaromboda trakk særleg fram følgjande punkt:

- Den nasjonale mangelen på fastlegar er ein trussel for pasienttryggleiken
- Psykisk helsehjelp må prioriterast, både kommunalt og i spesialisthelsetenesta
- Pasientar sin rett til likeverdig helsehjelp uavhengig av bustad og livssituasjon blir ikkje oppfylt
- Eigenandel for unge bør fjernast
- Samhandling mellom avdelingar og tenestestad må bli betre, uavhengig av nivå
- Mangelfulle saksbehandlingsrutinar i kommunehelsetenesta er ein trussel mot pasienttryggleiken

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka til orientering.

## Sak 027/23 Årleg melding 2022

### Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

### Styret hadde følgjande innspel til Årleg melding:

Til avsnittet om den krevjande økonomiske situasjonen ønska styret å leggje inn følgjande:

«Den økonomiske situasjonen gjer at vi ikkje kan gjennomføre investeringar som planlagt i forhold til å realisere byggeprosjekt som er beskrive i utviklingsplanane.»

Styret ønskja også leggje inn meir om samhandling mellom spesialisthelseteneste og kommunehelseteneste samt å gjere greie for hovudsatsingsområda i Regional utviklingsplan i slutten av Årleg melding.

### Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner årleg melding for 2022, og ber administrerande direktør sende meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet med dei endringar som kom fram i møtet.
2. Styret tek årleg melding for 2022 frå det regionale brukarutvalet til orientering.

## Sak 028/23 Avtalar om kompenserande tiltak for kreftkirurgi

### Oppsummering

Helse Vest vedtok i styresak 100/19 funksjonsfordeling for kreftkirurgi i regionen. Ein føresetnad for funksjonsfordelinga er at det blir sett i verk kompenserande tiltak innan nokre kreftområde kor mellom anna volum og bemanning er låg.

Helse Vest har i samarbeid med føretaka arbeidd for å få på plass formelle avtaler mellom helseføretaka om dei kompenserande tiltaka som lagt til grunn for gjeldande funksjonsfordeling. Innhald i avtalene er basert på krav i styresak 100/19 og innspel frå faggrupper og regulerer både organisatorisk og fagleg samarbeid.

Helse Bergen har nå inngått avtaler med dei tre andre sjukehusføretaka om kompenserande tiltak for kreftkirurgi



**Vedtak (samrøystes)**

1. Styret tok til orientering at avtaler om kompenserande tiltak for kreftkirurgi er inngått i tråd med styresak 100/19.
2. Styret slutta seg til at ordninga med avtaler mellom helseføretaka om kompenserande tiltak for kreftkirurgi får verke over tid.
3. Styret ber om at det kvart år blir lagt fram sak som vurderer om gjeldande ordning med avtaler fungerer etter hensikta.

**Sak 029/23 Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar**

Saka var felles for alle 4 helseregionar og difor ikkje på nynorsk.

**Oppsummering**

Denne styresaken er behandlet i det interregionale AD-møtet 13. februar 2023 og fremlegges likelydende for styrene i de fire regionale helseforetakene, derav målformen. Saken omhandler *Spesialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar*. Formålet med rammeverket er å klargjøre hvilke rammer/føringer som gjelder for området og hvordan spesialisthelsetjenesten kan arbeide med samfunnsansvaret, herunder oppfølging av statens forventninger til ansvarlig virksomhet.

Spesialisthelsetjenesten ønsker å være en tjeneste som belaster klima og naturmangfoldet i minst mulig grad, som skal være åpne om prioriteringer og hvordan ressursene utnyttes, og som skal sørge for at alle som jobber hos oss eller hos våre leverandører, ivaretas og sikres anstendige arbeidsforhold. Spesialisthelsetjenesten skal prioritere og fatte beslutninger i et bærekraftperspektiv som favner hele bredden i samfunnsansvaret. Rammeverket for samfunnsansvar kan bidra til å synliggjøre at helseforetakene er ansvarlige arbeidsgivere. Dette kan være viktig i et beholde og rekruttere-perspektiv.

Spesialisthelsetjenesten forvalter store ressurser på vegne av fellesskapet og har en forpliktelse overfor samfunnet i å forvalte ressursene på en bærekraftig måte. Gjennom *Meld. St. 6 Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap — Statens direkte eierskap i selskaper (eierskapsmeldingen)* er forventningene til statlige selskaps arbeid med samfunnsansvar forsterket.

Et felles rammeverk kan bidra til mer systematisk oppfølging av hele samfunnsansvarsområdet, og til å tydeliggjøre helseforetakenes ansvar for hvordan virksomheten påvirker mennesker, miljø og samfunn.

Regjeringen forsterket Norges klimamål i november 2022 i forbindelse med klimatoppmøte i Egypt. Norges oppdaterte klimamål er å kutte utslipp med 55 prosent innen 2030, sammenlignet med 1990. Spesialisthelsetjenesten har mål om å redusere direkte utslipp med

40 prosent i perioden 2019-2030. Felles rammeverk for alle RHF –HF bør henviser til det nye målet fra regjeringen.

Styret ønskja å få framlagt statistikken frå SSB om mangfald (andel ikkje norske medarbeidarar) i sjukehusa, gjerne også med oversikt over fordeling på ulike stillingskategoriar.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret vedtok *Spesialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar*, med de merknader som fremkom i møtet.

## **Sak 030/23 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 17. februar 2023**

### **Oppsummering**

Fredag 17. februar 2023 kl. 12.00 vart det halde felles føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde på video som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka.

I møtet vart følgande saker behandla:

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Den økonomiske situasjonen

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 17. februar 2023 til etterretning.

## **Sak 031/23 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret**

### **Oppsummering**

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt eit utval styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap om og oversikt over desse dokumenta samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Saka inneheld både omtale av overordna styrande dokument som Helse Vest RHF skal forhalda seg til, og dokument som Helse Vest RHF sjølve eig og fastset.

Følgjande dokument var lagt ved saka:

- Statens retningslinjer for leiarlønn i selskap med direkte statleg eigardel
- Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 10. januar 2022
- Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseforetak»
- Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF, sist revidert 30. september 2019
- Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
- Fullmaktstruktur for Helse Vest RHF
- Ethiske retningslinjer for Helse Vest
- Instruks for revisjonsutvalet
- Instruks for internrevisjonen

### **Innspel frå styret:**

Ethiske retningslinjer: Etablere prosess for revidering og vurdere om etiske retningslinjer er dekkande i forhold til grensekrenkande åtferd.

Instruks for AD: Rette «han» til «vedkommande»

Vedtekter: Vise til nye retningslinjer for leiarløn

Habilitet: Starte med avsjekk av habilitet i starten av kvart styremøte

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
  - Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 10. januar 2022
  - Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseforetak»
  - Eigarskapsmeldinga - Meld. St. 6 (2022-2023)
  - Statens retningslinjer for leiarlønn i selskap med direkte statleg eigardel, datert 12. desember 2022
  - Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF, sist revidert 30. september 2019
  - Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
  - Fullmaktstruktur for Helse Vest RHF
  - Ethiske retningslinjer for Helse Vest
  - Instruks for internrevisjonen
2. Styret vedtok den tilrådde endringa i instruks for revisjonsutvalet

## **Sak 032/23 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2022**

### **Oppsummering**

Etter instruks skal utvalet og internrevisjonen legge fram ein årsrapport, og den er som tidlegare år samla i eit felles dokument.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok årsrapport 2022 for revisjonsutval og internrevisjon til orientering.

## Sak 033/23 Revisjonsplan 2023-2024, internrevisjonen Helse Vest RHF

### Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2023 og 2024. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet og med innspel frå helseføretaka, Helse Vest IKT, regionalt brukarutval og dessutan med innspel og erfaring frå både munnlege og skriftlege kjelder innanfor og utanfor føretaksgruppa.

Innspela er diskutert, og sett opp mot topp 5 risiko og leiinga sin gjennomgang for Helse Vest RHF.

Forslaget er at følgjande prosjekt inngår i planen for dei kommande to åra:

- Implementering av pakkeforløp for kreft
- Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Risikostyring i Helse Vest
- Beredskap
- Etterleving av innkjøpsavtalar
- Brukartilgangskontroll

Følgjande prosjekt er i arbeid og kjem truleg til avslutning i første halvdel av perioden:

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (pågåande prosjekt - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2023)
- Brukarmedverknad i føretaka (pågåande prosjekt – planlagt ferdigstilt 2. kvartal av 2023)

Andre innkomne innspel til plan er arkivert og blir ein del av dei framtidige vurderingane i Revisjonsutvalet.

I tillegg til dei revisjonane som skal gjennomførast i regi av internrevisjonen, **så skal òg sjølve internrevisjonen og -revisjonsfunksjonen i Helse Vest RHF bli revidert** av ekstern part i 2023. Dette er ein type revisjon som er pålagt kvart femte år (ref. IIA Standard 1312 – Eksterne evalueringar).

Revisjonsutvalet hadde planforslaget til behandling 14.02.2023. Følgjande er protokollert.

*«Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest RHF til å vedta framlagte utkast til plan for internrevisjon 2023-24 med dei endringane som blei diskutert i møtet.»*

Endringane som er omtalt i vedtaket er innarbeid i dette saksnotatet, og dessutan i revisjonsplanen.

Når revisjonsplanen er vedtatt av styret vil det bli sendt svar til alle som har spelt inn forslag til revisjonsprosjekt.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente forslaget til ny plan for internrevisjon 2023-24.

## **Sak 034/23 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet**

### **Oppsummering**

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte den 14. februar. Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt arbeid gjennom protokollane.

Protokollane frå møta blir godkjent fortløpande av medlemmene av revisjonsutvalet, anten i etterfølgjande møte eller skriftleg over e-post.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok protokoll frå møte i revisjonsutvalet den 14. februar til orientering.

## **Sak 035/23 Internrevisjonssak – Læring på tvers av uønska hendingar**

### **Oppsummering**

Formålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje om helseføretaka si handtering av uønskte pasientrelaterte hendingar bidreg til å sikra læring og forbetring på tvers av fagmiljø og avdelingar i føretaka og mellom føretaka.

Internrevisjonen viser at alle føretaka i Helse Vest har gode rutinar og retningslinjer for oppfølging av uønskte hendingar. Avvikssystemet Synergi, og dei fire tilgjengelege e-læringskurser er regionale. Desse skal vera til hjelp ved at ein kan ta ut rapportar til bruk i vidare arbeid, gje ein innføring i saksbehandling i Synergi, og dessutan fremma ein god meldekultur. Gjennomføringsgrada er for låg på desse kursa sjølv om mange gir tilbakemelding om at dei kjenner seg usikre på kva som skal meldast, kven som skal melda og korleis følga opp forbetningsområde.

Rapporten har vore behandla i revisjonsutvalet den 1. november 2022 (sak 2022-40) med følgjande vedtak:

*«Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaket sett i verk.»*

Rapporten er sendt til dei reviderte helseføretaka (Stavanger, Fonna, Bergen og Førde) med oppmoding om å lage handlingsplanar, og leggje desse og rapporten fram for føretaksstyra.

Rapporten har vært til orientering i styret i Helse Førde og i styret Helse Stavanger i påvente av handlingsplanar. I Helse Stavanger HF er handlingsplanen vedteken i KVAPS, og styret har fått presentert denne i etterkant av sin behandling av revisjonsrapporten. Styret i Helse Fonna HF har vedtatt rapporten saman med handlingsplan. Styret i Helse Bergen HF skal behandla rapporten 22.mars.

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet om oppfølginga i helseføretaka når det er gått ei tid. Det vil venteleg skje haust 2023.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltaka som føretaket sett i verk.

## **Sak 036/23 Administrasjonen sine kommentarar til internrevisjonsrapport – Læring på tvers av uønska hendingar**

### **Oppsummering**

Internrevisjonen har undersøkt om helseføretaka si handtering av uønska hendingar bidrar til å sikre læring og forbetring på tvers av fagmiljø og avdelingar i føretaka og mellom føretaka i Helse Vest.

Rapporten er delt i tre hovudkapittel:

- Læring etter uønska hendingar på tvers i eige føretak.
- Læring etter uønska hendingar på tvers mellom føretak
- Styring og oppfølging av pasienttryggleiksarbeidet i føretaka

Desse kapitla og områda er godt oppsummert og beskrivne i rapporten og blir ikkje gjentekne i dette saksførelegget.

Rapporten frå internrevisjonen konkluderer med at Helse Vest RHF og føretaka har påbegynt eit viktig arbeid med å leggje til rette for læring på tvers. Samtidig meiner internrevisjonen at det per i dag er ei rekkje barrierar som hindrar læring på tvers, og at det i for liten grad blir følgt opp at læring på tvers skjer i praksis, sjølv om system og rutinar for dette på fleire område er på plass.

Styret ba om at det blir rapportert på resultat av forbetningsarbeid i første halvår 2024.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret slutta seg til de forslag til oppfølging av internrevisjonen sin undersøking av læring på tvers av uønska hendingar som framgår av saka.

Styret ba om at det blir rapportert på resultat av forbetningsarbeid i første halvår 2024.

## **Sak 037/23 Fagleg rapport – Forsking i Helse Vest 2022**

### **Oppsummering**

*Faglig rapport 2022* er den årlege rapporten frå Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon, og omhandlar data frå forskingsprosjekt som har fått tildeling frå Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar. Rapporten er utarbeidd av Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning som er sekretariat for samarbeidsorganet. Rapport for 2022 er den 20. i rekka, og rapportane er tilgjengeleg frå Helse Vest si nettside om forskning. Rapporten blir med dette framlagt for styret i Helse Vest RHF.

Ny strategi for forskning og innovasjon i Helse Vest RHF vil bli lagt fram for styret i løpet av 2023.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapporten «Faglig rapportering 2022» til etterretning.

## **Sak 038/23 Informasjon om kampanje for å førebyggje sjølv mord**

### **Oppsummering**

Sjølv mord er eit stort folkehelseproblem . Kwart år tar omlag 600 nordmenn sitt eige liv. Det er no aktuelt med nasjonal kampanje for å forebygge sjølv mord. Kampanjen går føre seg i regionane til ulike tidspunkt. Våren 2023 blir kampanjen gjennomført i Helse Vest.

Målet med kampanjen er å senke terskelen for å søke hjelp, samt bidra til å auke befolkninga si kunnskap om sjølv mord. Målgruppa er den vaksne befolkninga med særleg fokus på menn mellom 40-60 år.

Regionalt er det etablert ei koordinerande arbeidsgruppe som har digitale møter ein gong per månad. I arbeidsgruppa deltek Statsforvaltar Vestland og Rogaland, Rogaland og Vestland Fylkeskommune, alle helseføretaka, RVTS Vest, Helse Vest RHF, regionalt brukarutval, Nasjonalt senter for selvmordsforskning og forebygging (NSSF) og Helsedirektoratet.

Arbeidet er todelt. Kommunikasjonskampanje retta mot befolkninga (mai/juni 2023), og opplæringstilbod for tilsette i kommunar, helseføretak, frivillige organisasjonar, privat næringsliv og offentlege verksemder gjennom heile 2023.

Dei tilsette i Helse Vest RHF får alle tilbod om fire timars kurset “Oppmerksom på sjølv mordstankar”. Helse Vest oppmodar alle samarbeidspartnarar om å tilby sine tilsette same kurset.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka til orientering.

### **Sak 039/23 Orientering frå det regionale brukarutvalet**

#### **Oppsummering**

Atle Lunde oppsummerte frå interregionalt møte mellom leiar og nestleiar i RBU i alle regionar 20. mars, og første møte i nytt regionalt brukarutval.

Administrasjonen sjekkar ut korleis brukarrepresentant er representert i prosessen med evaluering av forskingsprosjekta og avklarar med RBU.

RBU ønskjer også å bli orienterte om det blir behov for vidare oppfølging knytt til sak om kompensierende tiltak for kreftkirurgi.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

### **Sak 040/23 Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.

#### **Skriv og meldingar**

Skriv 01 – Referat frå møte i RBU 30.11.2022

Skriv 02 – Referat frå møte i RBU 09.02.2023

Skriv 03 – Brev frå Tysnes kommune 14.03.2023 – Status avvikling av fritt behandlingsval.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

### **Sak 041/23 Endring i styret i Sjukehusapoteka Vest HF**

#### **Oppsummering**

Styreleiar i Sjukehusapoteka Vest HF har bedt om å bli løyst frå vervet som styreleiar i helseføretaket, og det blir i saka gjort greie for grunngjevinga og tilråding om val av ny styreleiar.

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Det blir gjennomført føretaksmøtet i Sjukehusapoteka Vest HF for val av ny styreleiar.



2. Godtgjering til styreleiar blir fastsett til kr. 192.000,- per år.
3. Dersom styreleiar må utføre oppgåver for helseføretaket som ikkje kan seiast å inngå i ein ordinær styreleiarrolle, kan det bli gitt særskild kompensasjon. Slik kompensasjon skal vere grunngeven, tidsavgrensa og skal godkjennast av styreleiar i Helse Vest RHF med etterfølgjande rapportering til styret.

Ref. 22.03.2023 Torunn Nilsen

---

|                |            |
|----------------|------------|
| Agnes Landstad | Styreleiar |
|----------------|------------|

---

|                     |           |
|---------------------|-----------|
| Olin Johanne Henden | Nestleiar |
|---------------------|-----------|

---

|              |        |
|--------------|--------|
| Gunnar Berge | Medlem |
|--------------|--------|

---

|                  |        |
|------------------|--------|
| Anne Karin Hamre | Medlem |
|------------------|--------|

---

|                |        |
|----------------|--------|
| Oddvar Kaarbøe | Medlem |
|----------------|--------|

---

|               |        |
|---------------|--------|
| Solfrid Borge | Medlem |
|---------------|--------|

---

|                    |        |
|--------------------|--------|
| Tord Anton Haaland | Medlem |
|--------------------|--------|

---

|                        |        |
|------------------------|--------|
| Wenche Kristin Røkenes | Medlem |
|------------------------|--------|

---

|                      |        |
|----------------------|--------|
| Linda Karin Gangstøe | Medlem |
|----------------------|--------|

---

|                 |        |
|-----------------|--------|
| Geir Arne Sunde | Medlem |
|-----------------|--------|